

Vil de vera med og starta Fjærland radio?

Ein radiostasjon berre for Fjærland er eit hugskot som passar bra til den kreative galskapen som sumtid blømer i Fjærland: **Kva, ein lokalradio for 280 sjeler? Til slike negative ytringar er ikkje anna å svara enn ja, sjølvsagt!**

Fordelene og ulempene med Fjærland radio har vore diskutert og omtala i fleire vender. For dei som ikkje har fylgt med på ordsiftet, tek eg oppatt nokre hovudpunkt her.

Bruksområde

Ein lokalradiostasjon i Fjærland har svært mange *praktiske bruksområde*. Desse åleine utgjer god nok grunn til å starta opp. Nokre få døme:

- **Turistradio** om sumaren. Reiselivet i Fjærland kan produsera informasjon på fleire språk, og få spreidd god, oppdatert turistinfo (og eigenreklame) fleire gonger om dagen.
- **Tilstellingar og konsertar** på radio. Ikkje alle har høve til å koma på alle konsertar, tilstellingar og anna som skjer i Fjærland. Dette gjeld særleg gamle som har vondt for å ta seg fram. Å ta opp tilstellingane, og seinare senda dei på radio, er ein enkel sak, som ville vera til hugnad og nytte for mange i bygdi. Samstundes gjev det interessante program for dei som var der òg.
- **For ulike interesser.** Fjærlendingar er rike på kunnskap og initiativ. Kvar fjærlending med eit interesseområde kan utan vanskar laga sitt eige radioprogram om det ho eller han er oppteken av. Dette vil spreia variert kunnskap i Fjærland, gje interessante program, og styrka medvitet vårt om kvarandre som aktive og kunnskapsrike medmenneske.
- **Nytt.** Radioen bør sjølvsagt kunna brukast til viktige meldingar. Ei fast spalte med kva som skjer i bygdi, er ikkje særskilt vanskeleg å få til, og er ein lett måte å få ut nyhende på.
- **Ein ekte barnetime** for born og vaksne. Eg har sjølv planer om å lesa inn ein del nynorske barnebøker, gamle og nye. Eg er sopass ublug at eg hevdar dette er godt stoff å senda på radio i vanleg barnetimetid. Det går godt an å høyra på for vaksne òg, og kan vera eit ledd i å byggja opp språkkjensla hjå unge. Det er for lite nynorsk i media.

Bra for Fjærland

Vidare vil radioen vera *bra for Fjærland* på fleire måtar. Eg nemner nokre punkt.

- Det er heilt naturleg at skuleungane i Fjærland lagar radioprogram sjølve, anten i regi av skulen, organisasjonane eller etter eige initiativ. Det er ei god kjensle å kunna få til noko slikt. Å styrka sjølvkjensla og tru på eigne evner hjå born og ungdom er ei av dei viktigaste oppgåvene for eit samfunn. Fjærland radio vil ikkje vera uviktig på dette punktet, særleg ikkje for ungdom i ungdomsskule- og vidaregåande-alder.
- Radioen vil fungera som lim i bygdasamfunnet, på fleire måtar.
 - For det fyrste er det å kunna seia at «me har vår eigen radiostasjon» beint ut tøft, og kan gjera folk endå litt meir krye av å bu her. På same måten vil radioen vera eit godt skrytepunkt for næringslivet i Fjærland.
 - Sams innsats for radioen, ved at flest mogleg bidreg med programinnhald, skaper samkjensle: «Det er *me* som lagar dette». Ei slik kjensle er med på å binda folk til kvarandre og bygdi, og kan slik vera med på å dempa fråflytting.
 - Det at noko slikt kan skje i Fjærland, er imponerande for folk utanfrå. Radiostasjonar er noko dei vanlegvis har på større stader. Når me kan få til noko slikt, kva er det då me ikkje

kan få til? Ei slik kjensle kan hjelpe på tilflyttingi. Det er i alle fall umogleg å sjå ein radio som nokor ulempe her.

- Radiostasjonen kan drivast på eit vanleg bilbatteri i tilfelle straumbrot. Slik er han viktig for beredskapen i bygdi, og er eit utifrå godt kommunikasjonsmiddel i naudsituasjonar.
- I dag er det aktiv musikkverkstad i drift på bygdauset. I tillegg er det planer om å skipa eit lydstudio. Både desse er naturlege å kombinera med radioen, og vil vera ein sterk kveik for ungdommen her til å laga eigen musikk. Tenk å bli spelt på radio!
- Radioen vil fungera godt som blesting utetter. Podkstar er etterkvart populære for berbare musikkspelarar overalt, og program på Fjærland radio kan enkelt lagrast og sendast ut som podkstar. Slik vil me bli flinkare til noko fjærendingane so langt har vore for lite flinke til: å fortelja andre om alt det flotte som skjer her i bygdi.

Moglege ulemper

Me skal ikkje gøyma at ein radio fører med seg nokre ulemper òg.

- **Kostnad.** Budsjettet so langt syner ein oppstartskostnad på om lag kr 62 000. I tillegg kjem ein mindre sum til årleg drift og vedlikehald. Desse kostnadene er tenkt dekte inn slik:
 - Oppstartskostnad: Søknad til fleire kjelder, mellom anna Fritt ord, samt andre private og offentlege kjelder. Vidare kronerulling i Fjærland, fyrst og fremst hjå næringslivet og organisasjonane.
 - Driftskostnad: Friviljug årleg lydarlisens i Fjærland. Vidare betalt reklametid frå verksemdar utanfor Fjærland, td. turistverksemdene i Jølster og Sogndal (Astruptunet, Eikaasgalleriet, Audhild Viken, Heibergske og Sunnfjord museum osv.) som kunne tenkja seg å annonsera mot turistar i Fjærland. Sjølv sagt mest aktuelt sumar tid. Verksemdene i Fjærland er det meiningi skal få gratis reklametid gjennom turistinfo-programmi.
- **Arbeid.** Det er mykje arbeid å stella til ein radio, og sjølv sagt òg å halda han i gang. I Fjærland er me få til å gjera det, og dette er i tillegg meint som endå eit friviljug, ikkje-kommersielt prosjekt. Spørsmålet er om me ser fordelene som så store at me tek dette arbeidet likevel (ja, det trur eg me gjer!). Nokre tiltak kan hjelpe på arbeidsbyrden:
 - Innlemming i arbeid som alt går føre seg. Det har vore nemnt å bruka radioen 4H-prosjekt, til dømes.
 - Inkludering av ungdommane. Det er for det aller meste dei yrkesaktive som driv organisasjonane i Fjærland. Mykje av arbeidet med radioen er midt i blinken for skuleungdom, sjølv om dei òg sjølv sagt har det travelt.

For å starta opp, treng me hjelp. Spørsmålet går til dykk. Vil de vera med å starta opp radioen? Me treng sjølv sagt pengar til oppstart, samt noko til årleg drift, men like viktig er jamn innsats på innhaldssida. Verksemdar, organisasjonar eller privatpersonar: Alle kan laga eit radioprogram.

Beste helsing

Eivind Ødegård,
initiativtakar